



**Notat**

Dato: 27.04.2016  
Arkivsak: 2016/4091-5  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Snorre Waage  
**Frå:** Gunhild Raddum

---

**Ber om innspel til forslag til kommuneplan - Arealdel, Austrheim kommune. Intern frist 09. mai**

Innspel frå samferdselsavdelinga:

Under overskrifta «Viktige tema» er det skissert opp ei rekke sentrale tema som er viktig å fokusere på i det vidare arbeidet. Transport og samferdsel er ikkje eit eige tema, men det bør vurderast å omhandle dette særskilt. Både med tanke på utslepp, trafikktryggleik og folkehelse er det viktig å legge til rette for andre transportalternativ enn privatbil. Dei overordna arealstrategiane dette opp, og det er positivt at kommunen legg opp til å bygge tett, og konsentrere nybygg i eksisterande bustadområder i nærleiken av kommunenesenteret og lokalsenteret på Fonnes-Kaland. Dette er viktig for å kunne betene områda med eit best mogleg kollektivtilbod og planlegge eit samanhengande gang- og sykkelvegnett gjennom kommunen. Generelt bør det leggast opp til at i dei sentrale delane av kommunen skal alle korte reiser kunne utførast med å gå eller sykle (3 km), og dette gjeld særleg målpunkt for barn og unge (som skule og idrettsanlegg). I den samanheng er det viktig at kommunen følgjer opp med rekkefølgjekrav i samband med planlegging og utbygging av nye bustadfelt. Fokus på utvikling av gang- og sykkelvegar er i samsvar med nasjonale og regionale interesser og mål.